

**Nor PR har etablert seg på Stord og skal også dekkje Kvinnherad. Det er det første reine pr-selskapet som etablerer seg i dette distriktet.**

Dagleg leiar Hans Wilhelm Gullestad seier at den ansatte Stord-medarbeidar Lars Dyhrfeld vil hjelpa bedrifter til å tenkja journalistisk ved å fortelja dei gode historiene om eiga verksemd.

- Omtale i media gjev merksemd og stort truverde, held Gullestad fram. Han meiner det no er potensial for eit pr-selskap mellom Bergen og Stavanger både for den offentlege verksemda og for eit næringsliv i vekst.